

PROTOKOLL

REGIONUTVALG	Vest
Møtested:	Quality Hotel Bergen Airport, Sandsli
Dato/tid:	16. – 17. mars 2016 kl. 11.00 Protokoll: 01/16
TIL STEDE:	
Arbeidsutvalget:	Even Øyri, Lidvin Hage, Svein Helge Lærdal, Reidar Kallestad, Jan Erik Fløtre, Jan Roy Eide, Clara Hveem
Regionutvalget:	Olav Nesse, Lise Elvagjeng, Eldrid K Grønsberg, Anders Haugen, Jon O Nummedal, Odd Inge Feidje, Bjarte Myren, Eli Berge Ness, Jens N Sagevik, Nils Christian Bjørgo, Magnus Andre Sundal, Olav Myrhol, Kjell Aase, Roar Husetuft, Ørjan Russenes, Steinar Ekebø, Ingolf Folven, Per Gunnar Gilleshammer, Ove Bruheim, Kåre Honningsvåg, Øystein Bakke Kongsvik, Oddmund Kvalsvik, Odd Bjarne Bjørdal, Magne Riise, Leif Beite, Bastian Weiberg-Aurdal, Per Ivar Skodjereite, Øyvind Heinåli-Karlsen, Lasse Øvstedal, Magne Haug, Rune Nerheim, Erling Lønning, Einar Glette, Solveig Øie, Norleif Fjeldheim (deler av møtet), Egil Otto Haakull, Kjetil Mehl, Audun B. Næss, Arnt Haugsgjerd, Kristoffer Handeland (vara for Trygve Høines), Marit Mathiassen, Asgeir Nøttveit, Atle Mariussen (vara for Elin Morken), Jostein H. Hellestveit, Olve Neteland, Stein Olav Hauge, Arnt Bakke, Guro Sofie Gjelland, Morten Samskott, Åsne T. Rødland (vara for Leif Lirhus), Kåre Olai Solheim, Inga W. Rørlien (vara for Vidar Reime), Eivind Myrdal, Hans Arne Breivik, Gerd Karin Njåstad, Lars Rune Teigland (vara for Jonas Vedå)
Valgkomité:	Magnhild A. Østrått,
Andre:	Helene S. Bødkter, Ragnhild Døving,
Forfall:	Anita Heimtun, Lillian Flø, Sjur Åkra, Hilde Sandvin, Trygve Høines, Vidar Reime, Erik Kvinge, Jørgen Wik, Ove Jonny Hånes, Ola Kongsvik, Elisabeth Solheim, Maryna Novik, Lars Ove Rimmereid, Jonas Vedå, Elin Morken, Per Magnar Sognnes, Bjarte Nordanger, Steinar Schanke, Leif Lirhus, Lars Peder Malones, Bente G. Nordanger
Konsernstyret:	
Administrasjonen:	Torleif Bjella, Torgeir Erfjord, Ingvill Jørgensen, Asgeir Svendsen
Referent:	Ingvill Jørgensen

Sak nr	
1	<p>Konstituering Even Øyri ønska velkomen. Opprop v/Ingvill Jørgensen 63 med stemmerett – 65 totalt – i tillegg til inviterte og andre deltakarar i starten av møtet.</p> <p>Innkalling og sakliste godkjend utan merknader Dag 2 – 62 med stemmerett. Odd Bjarne Bjørdal reist.</p> <p>To til å skrive under protokoll saman med møteleiar: Eldrid Grønsberg og Ørjan Russenes.</p> <p>RU-leiar sin orientering om kva saker AU har behandla og arbeidd med:</p> <p>Ønskte spesielt velkommen til styreleiar Sveinung Svebestad.</p>

	<p>Even Øyri informerte om samarbeidet i Arbeidsutvalet som er godt, også opp mot det arbeidet som vert gjort opp mot fagutvala.</p> <p>Prøver å legge opp til møter i AU rundt anlegg og å gjere noko saman med produsentane i same området.</p> <p>Saker som å finne opplegg for å ta ned utbetaling gjennom året på 100 mill. har vert drøfta i AU, eigenkapitalsaken, og kylling-saka har vore fokus-områder, i tillegg til revitalisering av kretsmøta. I tillegg har det vore fokus på å flytte ut frå Eidsvåg, med butikken for medlemar som hovudfokus med tanke på plassering. Elles fokus på tilførselsarbeidet og har godt samarbeid med slakterisjefane i området. Men viktigaste er å ha kontakt med medlemane og nye brukarar i området, nå med ein ekstra tilsett på storfe i Sandeid-området, Roy Erik Hetland. Men vi ser ein liten nedgang på marknadsandelane.</p> <p>Ynskje om gode dagar for møtet.</p>
2	<p>Open post</p> <p>Kjell Åse – må vurdere å få inn ammeku-produsentar i AU med stort fokus på denne produksjonen.</p> <p>Odd Bjarne Bjørdal – treng å få nokre annonser med tekst på at Nortura er Noregs største lokal-matprodusent. Vi skal ikkje drive politikk i selskapet, anna enn næringspolitikk.</p> <p>Morten Samskott - Ufullstendig referat frå kretsmøtet. Ting som var teke opp på møtet vart ikkje referert, men det som var teke opp utanom møtet kom med.</p> <p>Guro-Sofie Gjelland - I kretsmøtet var det etterlyst auka aktivitet på ammeku/storfe. Ny person – kva vert han brukt til når vi ikkje ser han. Fatland er veldig aktive i området. Etterlyser aktivitet.</p> <p>Eli Berge Ness - Sumarlam – dekkjer denne produksjonen sine eigne kostnader? Kva med tiltak vedrørende auka produksjon på småfe.</p> <p>Magne Haug - Småfe innspel – frustrasjon på at det ikkje er forskjellar på «heimalam» og «fjellam» - treng høgare pris på fjellamma. Feil at Klosterlam og andre har betre pris.</p> <p>Sveinung Svebestad svarte på spørsmåla.</p> <p>Eivind Myrdal – Agro Hordaland ble avlyst, viktig å få dette på agendaen igjen.</p> <p>Merkevaren Gilde, vi har ikkje auka salet av dette, kva gjer vi her?</p> <p>Hans Arne Breivik - Egg fokus på det som har skjedd i Nortura i det siste , det ser nå bra ut, men kva med framtida? Egg og fjørfekjøtt har skilt lag, men er dette skilt også på rekneskapen? Etterlyser svar på brev om etterhaldne pengar som vert utbetalt etter ei viss tid, eller finne andre måtar å betale eggprodusentane på utan at det vert nybygg. Må finne ei god løysing her. 100 mill. vert som heldt tilbake på alle dyreslag, og no også etterbetalingsfond, vil ha tiltak for god økonomi for eggprodusentane.</p> <p>Jostein Hellestveit – Medlemskjøp i Eidsvåg – dette er ei dårleg løysing. Viktigast for medlemane er medlemsbutikken og dyrebilsjåførane, må finne ei betre løysing. Treng auka marknadsandelar – og ordningane for medlemane er viktige her. Kvifor ikkje i samarbeid med Felleskjøpet på Haukås når det gjeld plassering.</p> <p>Asgeir Nøttveit – Møtereferatet – måtte leite etter punkt som burde stå i møtereferatet.</p> <p>Skuving – må melde tilbake til bonden som sit og ventar. Kva med kven som er med i nemnd? som avgrensar kven som får vere med i ymse ordningar?</p> <p>Olav Nesse – Personalsituasjonen på Medlemssenteret i Førde – det er mange som no er misnøgde med den situasjonen som er no.</p> <p>Einar Glette – om Prima har som er ute på bygda og sel seg med at det går på høgare pris.</p> <p>Norleif Fjeldheim – treng profilering av bonden , også meir lokalt – kanskje felles med Tine.</p> <p>Kretsmøta – vitale kretsar – vi må få sendt ut referat til alle medlemar etter kretsmøta.</p> <p>Oppfølging av medlemane som dett ut – også finne årsakene til at dei går.</p>

	<p>Marit Mathiassen – vil ha skilt utsendt til tillitsvalde. Kristoffer Handeland – Om det er lik pris på alle medlemsbutikker? Svein Helge Lærdal – medlemsbutikken – AU var enig med at plasseringa var feil etter Eidsvåg.</p> <p>Spørsmåla vart svarde ut eller vert teke vidare til AU. Elles svarde Sveinung Svebestad ut resten.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering og nokre saker vert teken vidare i AU.</p>
3	<p>Årsmelding og rekneskap.</p> <p>Framdrift i Nortura 2016. Sveinung Svebestad la fram saka. Innspel på Hærland-saka der desse hadde ordet: Asgeir Nøttveit, Odd Bjarne Bjørdal, Eivind Myrdal, Bjarte Myren, Hans Arne Breivik, Oddmund Kvalsvik.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skremmande at Nortura går i denne fella når ein har bygd mange anlegg før. Nortura har også brukt dette konsulentselskapet før og burde kjenne til utfordringar. • Godt at vi får vite tala. Kvifor tek nokon bilete av plansjen? • Vi var i kretsmøtet vårt sikre på og misfornøgte med det som har vært gjort i denne saka. Møtet kommuniserte manglande tillit. • Kva har ein lært no som ein ikkje har lært før? • Saka vedrørende Norfersk var også ei dårleg sak tidlegare – har ein hatt inne ein tredjepart som vart lova då for å vere sikker på at ein ikkje gjorde same feila igjen? <p>Er fordringar førte i rekneskapen - og gjer dette noko med resultatet? Vi må ta dette i lukka rom internt – ikkje svarte Nortura vil tene pengar på dette – men er betenkt på plassering også på det som skal skje på Kvia. Har vi eit for snilt styre ?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er jammen ikkje enkelt å måtte lite på ein konsulent som bør kunne sine saker. Treng kontinuitet også i styret for å ta med lærdomen – og føler at det er feil å belaste styret på andre enn siste utgiftdelen. Her må det takast dei som takast skal! <p>Sveinung svarte ut innspela, og gjekk vidare på det som skjer på marknad og sal, både i butikk, industrisal og PROFF. Vi har vunne kontraktar på pris og kvalitet, spesielt på stykka deler i industrimarknaden no. Informerte vidare om situasjonen for kyllingprodusentane og marknaden, i tillegg til omstillingspakkane. Informerte så om Nortura sine innspel til Jordbruksforhandlingane, og prognosar.</p> <p>Innspel frå: Eivind Myrdal, Steinar Ekebø, Per Ivar Skodjereite, Oddmund Kvalsvik.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Treng at det har blitt konsekvensar for nokon vedrørende Hærland. • Har ein byggfagleg kompetanse i Nortura – om ikkje – har ein tenkt å skaffe dette? • Enkelt for oss å kritisere – men når ein ser utfordringane som har vore dei siste åra og korleis dei har løyst dette, så bør dei få skryt. Har god tru på dei som styrer skuta. Har sjølv erfaring frå daglegvarebransjen, og kjenner det som føregår der. • Støttar siste talar – treng å få avklart alle sider av overskridingane, så bør vi få eit svar. <p>Sveinung svarte ut spørsmåla og kommentarane</p> <p>Oppsummering frå kretsmøterunda, også revitalisering av kretsmøta. Ingvill la fram saka. Det vil verte utarbeidd ei momentliste saman med AU og denne vil verte send ut. Innspel om dårlege referentar i kretsmøta, moment som ikkje er tekne med i møta.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering.</p>

4	<p>Ammekyr på Vestlandet</p> <p>Asgeir Svendsen orienterte om status og framtid. Avklarande spørsmål undervegs i programmet.</p> <p>Sjå vedlagde plansjeserie.</p>
5	<p>Tilførsler Torgeir Erfjord la fram saka.</p> <p>Snakka om korleis Medlem/Råvare er organisert, marknadsandeler og slaktetal på anlegga, handlingsplan for region Vest Medlem, med auke i ammeku og slaktegrisplassar, inntransport og planlegging av dette.</p> <p>Desse hadde ordet: Per Ivar Skodjereite, Magne haug, Egil Otto Haakull, Guro Sofie Gjelland, Erling Lønning, Lidvin Hage:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Opplever at det er stress med sjåførane – vi må ha fokus på kva vi kan gjere for effektiviteten og inntening. Men vi må få betalt for det, slik at effektiv inn- og utlasting kan verte fokus for bonden. • Kva med Sandeid og Egersund i ein situasjon med at Kvia-marka vert bygd? • Antal som går over grensene mellom slakteria – kor mykje går til Forus? Trudde inntransport av dyr vart betalt pr. stykk. • Person som er på storfe – korleis vert denne person brukt når vi ikkje får kontakt? • Storferådgjevar Sandeid skulle ikkje inn i rolla til Svein S, skulle vere ute hos produsentane; om dette ikkje fungerer så må tilførselsleiar over fjorden meir. Vi vil misse produsenter i ein konkurranseutsett bransje. • Søndagshenting av gris, er dette nødvendig utenom sesongen? <p>Torgeir svarte ut spørsmåla.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering</p>
6	<p>Endring av kretsgrenser frå møterunda Ingvill la fram saka</p> <p>Vedtak: RU-Vest vedtek nye kretsgrenser slik vedtaka i kretsmøta i kretsane 58, 59 og 62 legg opp til.</p>
7	<p>Info frå fagutvala Jan Erik Fløtre orienterte om saker i fagutval storfe; fokuserte på Jordbruksforhandlingane og innspel til desse, teljedato, omsetningsavgift, reelt antal slakta kalv går nedover, høgare vektgrense gir feite dyr.</p> <p>Reidar Kallestad om småfe; om å bruke prisløype for å få inn dyr til rett tid når det er sug i marknaden, innspel til jordbruksforhandlingane, teljedato og lokale varetraumar.</p> <p>Jan Roy Eide informerte om saker frå Fagutval Egg: Også Egg treng hjelp – alle bør ete minst eit egg pr. dag ekstra, så vil overskotet vere borte. Informerte om auka sal, mykje godt arbeid for å få til dette, har derfor lågare lager no. Har også fått fleire betre salsavtaler for egg.</p> <p>Clara Hveem om det som har skjedd vedrørande grisen – prognose viser litt overskot, likar ikkje at det svingar feil veg så snart igjen. Vidare om effektiviteten som er svært god, VAC, MRSA, naudslaktordninga der det vert køyrt ein pilot i Agro, og at ein treng fleire slaktegrisplassar. Elles har internasjonale Topigs vald farrase Duroc som sin gris å gå vidare med.</p>

	<p>Svein Helge om fagutval fjørfe: det er berre 2 kyllingprodusentar att i RU-Vest, mykje om sluttpakkar og gjennomføring av desse. Elles er det mykje usikkerheit om framtida til Hå-anlegget.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering</p>
8	<p>Nortura er midt i ein ambisiøs strategiperiode – når vi måla? Konserndirektør Torleif Bjella la fram saka. Desse hadde ordet: Lise Elvagjeng, Leif Beite, Stein Olav Hauge, Bjarte Myren, Marit Mathiassen og Asgeir Nøttveit. Innspel og spørsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Spørsmål om co-branding i Rema1000. • Sjølvforsyningsgrad i landet og arealbruken – kvifor overproduksjon då, er det på grunn av import? • Gilde-bakkane er alle stader – burde vore panteordning på desse. • Gilde bakkar alle stader må vere god reklame. Vanskeleg i vite kven som har levert varene til utestader når ein er der for å ete. Er det mogleg å vere synleg i PROFF marknaden? • Vil vi sjå kjedetilpassing mot netthandel framover? Er det reklamer på merkevarer på netthandel? • Testiklane for eksport – korleis vert dei behandla for sending? Salta? Frosne? <p>Torleif Bjella svarte på spørsmål og innspel.</p> <p>Vedtak: Saka teken til orientering.</p>
9	<p>Marknad og sal – Torleif Bjella orienterte om kva som skjer i marknadane og elles.</p> <p>Desse hadde ordet: Morten Samskott, Nils Christian Bjørgo, Gerd Karin Njåstad, Asgeir Nøttveit, Hans Arne Breivik, Oddmund Kvalsvik, Magne Riise, Svein Helge Lærdal, Helene Sejersted Bødtker, Eli Berge Ness.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samhandling med kjedene – vi hopper litt frå den eine til den andre, klarer vi dette på ein god måte? • Flott foredrag – Nortura er seriøs i marknaden og med forskning som gir sterk posisjon. Villsau - er det-e eit problem for sal? Vert dei selde som villsau? • I sosiale media – folk etterlyser mørare kjøt – vil lengre haldbarheit påverke dette? • Om nettsal tek heilt av – kva då med kostnaden for distribusjonen av dette? • Spanande ned nettsalet – har trua på dette. Har det kosta litt for mykje å vere tru mot merkevarane? Håper at kjedene forstår at nasjonale merker er ein konkurransefordel for dei – ref. kva som skjedde med Lidl. Egg – går dette også inn i nettsalet saman med kjøtet? Treng også regionale merker for lokal mat. • Marknadsføring av egg; har ikkje sett at det er reklamert for "friskmelding" av egg i eit helseperspektiv i reklamane. • Kantinedelen; er vi inne på skulane også for opplæring i bruk av merkevarer? • Kylling har dårlege prisar, håper at dette vil betre seg. Produsentane til Hå-anlegget er redde for kva som vil skje med dette anlegget. Er det nokon plan for kva Hå skal produsere? Når salet går så mykje betre på kylling bør dette fokuserast på. • Treng å ha fokus på helse – også på kva som inneheld mjølk. Treng reklame på bilane, dei er synlege. Kva med distribusjonen. Tine har distribusjon sjølve og gjer dette billegare. • OEK – Opplysningskontoret for Egg og Kjøtt - dei har gitt ut supre kokebøker for

	<p>born i skular og barnehagar, og kokkar har starta kokeskule for desse med fokus på rett mat.</p> <p>Vedtak: Saken teken til orientering.</p>
<p>10</p>	<p>Val</p> <p>Magnhild Agathe Østrått, leiar i Regional Valkomite, la fram innstillinga frå valkomiteen. Etterlyste innspel frå medlemar og tillitsvalde på kandidatar. Har ikkje fått nokon innspel dette året.</p> <p>Per Ivar Skodjereite etterlyste betre kjønnsfordeling i Arbeidsutvalet. Viktig å påverke vala i kretsane for å få med fleire kvinner.</p> <p>Øyvind Heinåli-Karlsen peika på at det trengs meir fokus på regionale tillitsvalde frå nordre deler av Regionsutvalsområdet.</p> <p>Det var 62 i salen med stemmerett ved starten av valet.</p> <p>Leiar i RU for 1 år – Even Øyri – 62 stemmer - Attval Nestleiar i RU for 1 år – Lidvin Hage – 62 stemmer - Attval</p> <p>Medlemar i AU for 2 år: Egg – Jan Roy Eide - Attval Fjørfekjøt – Svein Helge Lærdal - Attval Gris – Ragnhild Døving – Ny</p> <p>Alle valde med akklamasjon</p> <p>Vara til AU for 1 år: Storfe – Guro Sofie Gjelland – Attval Småfe – Odd Bjarne Bjørdal – Attval Egg – Helene S. Bødtker – Attval</p> <p>Alle valde med akklamasjon</p> <p>Vara til AU – fjørfekjøt for 1 år: Lars Peder Malones var innstilt som fri kandidat Benkeforslag på Martin Strømøy</p> <p>Hans Arne Breivik: Bør ikkje bruke frie kandidatar når vi har andre på produksjonen.</p> <p>Skriftleg val: Lars Peder Malones – 13 stemmer Martin Strømøy – 48 stemmer Det var 1 blank stemme Martin Strømøy vald til vara-AU fjørfekjøt for 1 år.</p> <p>Vara AU-gris for 1 år:</p> <p>Sjur Åkra var innstilt til attval. Benkeforslag på: Egil Otto Haakull og Lars Peder Malones.</p> <p>Ein med stemmerett forlet salen.</p>

Skriftleg val med dette resultat:
Sjur Åkra – 4 stemmer
Egil Otto Haakull – 6 stemmer
Lars Peder Malones – 51 stemmer

Lars Peder Malones vald til vara-AU gris for 1 år.

Årsmøte-utsendingar for 2 år:
Guro Sofie Gjelland – Attval
Bjarte Myren – Ny
Odd Bjarne Bjørdal – Attval

Alle valde med akklamasjon.

Vara for årsmøteutsendingane for 1 år:
1.vara – Erling Lønning – Attval
2.vara – Per Gunnar Gilleshammer – Ny
3.vara – Arnt Haugsgjerd – Attval
4.vara – Solveig Øie – Ny
5.vara – Magne Haug – Attval
6.vara – Kjell Aase – Attval

Alle valde med akklamasjon.

Medlemar i Regional Valkomite for 2 år:

Ola Kongsvik – Attval
Leif Arne Lirhus – Ny
Bente Giæver Nordanger – Attval

Valde med akklamasjon

Leiar i Regional valkomite for 1 år: Marit Mathiassen - Ny
Nestleiar i Regional valkomite for 1 år: Bastian Weiberg-Aurdal – Attval

Valde med akklamasjon

Vara til regional valkomite for 1 år:
Kjetil Mehl var innstilt
Benkeforslag på Asgeir Nøttveit grunna i at samdrifta som Kjetil er med i, leverer til Fatland. Svar frå salen om at dette vil verte endring på etter kvart.

Skriftleg val:
Kjetil Mehl – 34 stemmer
Asgeir Nøttveit – 23 stemmer
4 stemmer var blanke.

Kjetil Mehl vald til 1.vara til regional valkomite for 1 år.

2.vara – Per Gunnar Gilleshammer – Attval
3.vara – Trygve Høines – Attval
Valde med akklamasjon.

	<p>Info frå Sentral valkomité. Reidar Kallstad orienterte om arbeidet her og la fram informasjon om kandidatane.</p> <p>Innspel frå salen:</p> <p>Det er viktig å offentleggjere kven som går ut av posisjonar – slik at regionar kan kome med gode innspel på kandidatar frå same regionar.</p> <p>Even Øyri: Ber om innspel til endringar til valet i årsmøtet på kandidatar frå vårt område.</p>
11	<p>Open post</p> <p>Desse hadde ordet:</p> <p>Inga W. Rørlien – Ikkje veldig fornøgd med svaret frå Torgeir Erfjord om rådgjevar på storfe og Vossa-området – treng datoar på fagmøter og sterkt fokus på storfe i dette området.</p> <p>Eivind Myrdal – Medlemsbutikken i Olsvik – her treng vi opningstider utover vanleg dag i 1 til 2 dagar i veka for at alle skal kunne handle her.</p> <p>Asgeir Nøttveit – Viser til orientering frå fagutval småfe – det har vore stressa på å levere kvalitet og nå er dette snugg opp ned for å få inn lamma tidleg. Dette vert ei utfordring.</p> <p>Reidar Kallestad – Når det gjeld storfe så må vi ha folk på bygda i Hordaland, har ikkje hatt det på mange år. Utruleg at så mange likevel leverar til Nortura. Han informerte om kurs som kjem på storfe i Flesland-området seinare på hausten.</p> <p>Per Ivar Skodjereite – Likar ikkje det å taste 1 – 2 – 3 for å få tak i den ein skal snakke med når ein ringer til medlemsenteret. Treng å ha direktekontakt anten på e-post eller telefon med dei personane ein treng å få tak i.</p> <p>Øyvind Heinåli-Karlsen orienterte om tur for å sjå på produksjon av ammeku for nordre deler av området.</p> <p>Torgeir svarte ut innspela om rådgivar i Sandeid-området og kontaktinfo på sidene til Nortura for Råvare & Medlem i Region Vest.</p>
12	<p>Avtakking og evaluering</p> <p>Even Øyri takka av Clara Hveem som går ut av AU på grunn av generasjonsskifte heime på garden.</p> <p>Ho fekk Nortura skål og blomar.</p> <p>Ho takka for ei god og lærerik tid.</p> <p>Gode tilbakemeldingar på møtet.</p>
	<p>Møtet slutt</p>

Eldrid Grønsberg (s) Ørjan Russenes (s) Even Øyri (s)